

Til naboar og offentlege instansar

Telefon
+47 56 57 00 70
Fax
+47 56 57 00 71
E-postadresse
post@abo-ark.no
Webadresse
www.abo-ark.no
Postadresse
Postboks 291, 5203 Os
Besøksadresse
Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, 17.02.2016

Varsel om oppstart av detaljregulering for Langeland B5, gnr. 24, bnr. 7 og 90 m.fl., Meland kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, vert det varsla oppstart av detaljregulering for Langeland B5, gnr. 24, bnr. 7 og 90 m.fl. og endring av delar av reguleringsplanane for Fossemyra idrettsanlegg planid. 20000301, vedtak i kraft 01.03.2000 og Langeland, gnr. 24, bnr. 5, 7, 56, 57 planid 1256 20031126, vedtak i kraft 22.02.2006.

Planområdet er om lag 45 daa og er avgrensa som vist på vedlegg 2. Området ligg mellom Fossemyra idrettsanlegg og eksisterande bustadfelt på Langeland.

Føremålet med planarbeidet er å detaljregulere eigedomane til bustadføremål, næring og landbruk i samsvar med avsett arealbruk i kommuneplanen. Det er planar om ca. 70 nye bueiningar fordelt på frittliggjande bustader og leilegheitsbygg. Planområdet vil få tilkomst via den kommunale vegen Fosseskarvegen og eksisterande fellesveg for bustadfeltet Langeland. Meland kommune har sett krav om utviding av eksisterande veg og fortau. Planområdet overlappar difor delar av regulert veg i reguleringsplanane for Fossemyra idrettsanlegg planid. 20000301 og Langeland, gnr. 24, bnr. 5, 7, 56, 57 planid 1256 20031126.

Kommunen har vurdert at planarbeidet ikkje vert omfatta § 2 i forskrift om konsekvensutgreiingar av 1.1.2015 (KU) – *planar som alltid skal konsekvensutgreiast* eller § 3, *planar som skal vurderast nærare* etter kriteria i KU-forskrifta. Planarbeidet utløyser difor ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta.

Reguleringsplanen vil legge rammer for gjennomføring av tiltak i planområdet.

Tiltakshavar er FRADA AS v/Frank Rune Dale og plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

Merknader til oppstart av planarbeidet må sendast **innan 19.03.2016** til:

ABO Plan og Arkitektur AS
Postboks 291
5203 Os

Eller offentlig.ettersyn@abo-ark.no

Kopi av merknader og innspel skal sendast til Meland kommune, postboks 79, 5906 Frekhaug. Alle mottekne dokument, merknader o.l. vert og sendt samla til kommunen saman med planforslaget.

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan og Arkitektur AS v/Merete Lunde, tlf. 95 22 55 58 eller e.post merete@abo-ark.no.

Etter at fristen for merknader er gått ut, vert merknadene oppsummert og kommentert. Deretter vert planforslaget utarbeida og oversendt Meland kommune for handsaming. Etter 1. gongs handsaming legg kommunen planforslaget ut på høyring/offentleg ettersyn. Det vil då verta høve til å fremje merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur AS


Merete Lunde

Merete Lunde

Vedlegg:

1. Oversiktskart
2. Kart med planavgrensing, datert 17.02.2016





Planområde
45 daa

Fossemyra
idrettsplass

Torvvegen

Sagstadvegen



Meland kommune
Bustadområde B_5, Langeland

Plangrense



Hamnevegen 53
Postboks 291,5203 Os
Telefon: 56 57 00 70

Sted: OS
Dato: 17.02.2016
Målestokk: 2000 (A4)
Prosj.ansv.: MHL
Tegnet av: TAO/HM
Kontrollert av: MHL
Filnr.:

Prosj.nr. Tegnr. Rev.